

SUNDAGSORD

Tankar i møte med preiketekstane i tredje tekstrekke

1. søndag i advent

Matt 21,10-17

Noko nytt?

Så har me gjort unna nok eit kyrkjeår og skal ta til på eit nytt. Første søndag i advent byrjar kyrkja sitt nye år. Så vil du kanskje spørja: Kor nytt er det eigentleg? Er det ikkje dei same gamle fortellingane som går rundt i den same evige runddansen? Først kjem adventstida med sine forskjellige vinklar på Jesu kome, så julehøgtida med festen for Jesu fødsel, openberringstida der me blir betre kjent med kven han er, fastetida som førebur oss til påskehøgtida, Kristi himmelfartsdag før pinsefesten og så det festlause halvåret. Det er liksom den same malen kvar år. Kan det blir noko nytt ut av dette?

Nei, bibeltekstane er sjølvsagt ikkje nye. Høgtidene er også dei same som dei har vore i hundrevis av år. Det nye ligg i liva våre. For me endrar oss litt for kvar år. Om ikkje anna så blir me eitt år eldre og har skaffa oss ørlite meir erfaring enn me hadde i fjor. Og fordi me har forandra oss, så kan det brått skje noko nytt når dei same gamle bibeltekstane møter oss på nytt. Kanskje ser du noko i teksten som du aldri har sett før. Kanskje identifiserer du deg med ein av dei andre i forteljinga enn det du gjorde sist, fordi du har opplevd noko i ditt eige liv i mellomtida som har endra fokuset ditt.

Dei som var på tempelplassen den dagen Jesus gjekk inn og velta borda til pengevekslarande opplevde i alle fall noko nytt. Kor mange år det gjekk før dei skjøna rekkjevidda av det dei hadde opplevd, er ikkje godt å seia. Slike erkjenningar tek ofte tid. Difor er det godt å ta fatt på eit nytt kyrkjeår med dei same forteljingane og dei same høgtidene og møta det alt saman med ei forventning om at noko nytt kanskje vil tala til oss denne gongen, noko me ikkje har sett eller forstått tidlegare. God advent! Godt nytt kyrkjeår!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 26. november 2021

2. søndag i advent

Joh 16,21-24

Det store biletet

Jula er høgtida for dei nære relasjonane, tenkjer me ofte, og legg opp til feiring saman med dei aller næraste. I ei tid der familiane i kvardagen er mindre saman enn nokon gong tidlegare i historia, skal ein vere varsam med å kritisere familiejula. Samtidig så er det på sin plass å peika på faren for å bli for nærsynte i jula.

For jula høyrer til i eit større bilete, og det kan adventstida hjelpe oss til å ta inn. Fortellinga om barnet i stallen i Betlehem er ikkje ei forteljing som står aleine, men som føyer seg inn i ei stor

forteljing som strekkjer seg frå skapinga av himmelen og jorda og fram til livet etter det livet me lever no.

På andre søndag i adventstida får me høyra at Jesus ikkje berre kom til jorda den eine gongen, men at han skal koma att ein gong i framtida, og at dette skal markere overgangen får denne verda til ein ny himmel og ei ny jord. For nokon verkar dette både skummelt og uverkeleg. For andre er dette ein dag som blir sett fram til med forventning.

Å sjå for seg eit tilvære, der alt er berre godt, er jo ikkje så lett. Men det er altså dette Jesu andre kome dreiar seg om. Ikkje berre skal all liding, urettferd og naud då måtta vika, me skal også endeleg få sjå det store biletet, der vår plass i den store fortellinga endeleg skal bli tydeleg for oss. Medan me ventar er det all god grunn til å tjuvstarte allereie her og no ved å jobbe for fred og rettferd, lindre nød og gi folk håp. På den måten kan me også få sjå meir av det store biletet allereie no.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 3. desember 2021

3. søndag i advent Joh 5,31-36

Venterom?

Når ein sit på eit venterom på ein rutebilstasjon ein eller annan stad i Vest-Telemark og ventar på Haukeliekspressen, så er det lurt å følgje med på kva som skjer. Fell du i eigne tankar, så kan du risikere at bussen har passert utan at du fekk det med deg. Endå farlegare er det om du der på venterommet kjem i samtale med ein eller annan og byrjar å diskutere hyttebygging på Rauland eller eitt eller anna, for då går klokka, og då går bussen. Det aller farlegaste på eit slikt venterom er at byrjar å lita på dei andre som sit der, og tenkjer at alle skal på Haukeliekspressen og eg kan sitja trygt å venta til dei andre reiser seg. Men det er då ikkje sikkert at dei andre skal på Haukeliekspressen. Dei skal kanskje ha ein lokalbuss til Dalen eller Fyresdal.

Adventstid er ventetid, og på mange måtar er dette «venterommet» eit uttrykk for tida me lever i. Tida mellom Jesu første kome, då han vart fødd i ein stall i Betlehem, og Jesu andre kome, når han ein dag skal koma att, er historisk sett eit venterom. Me ventar på han som skal gjera alle ting nye! Samtidig er «venterommet» mellom Jesu første og andre kome, ikkje som andre venterom. Rett nok kan me også her bli distraherert av både eigne og andre sine tankar, men dette «venterommet» er ikkje eit rom for passivitet, slik venteromma på rutebilstasjonane som oftast er. Nei, i ventetida fram mot Jesu atterkome, kan me allereie vere med på å la det skje, att rettferd, fred og forsoning får bryta igjennom. Evangeliet er her allereie, og har sin verknad. Det er tid for å gå om bord!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 10. desember 2021

4. søndag i advent

Matt 1,18-25

Den viktige birolla

Naturleg nok er det dei som har hovudrolla som oftast får mest merksemd. Slik er det i film og teater, og slik er det i arbeidslivet og i verdshistoria også. Den som er vant med å ha biroller veit noko om å jobbe hardt utan å alltid få så mykje merksemd tilbake. Men i mange filmar er det likevel birollene som ber heile handlinga. Utan birollene inga forteljing, rett og slett.

I den store juleforteljinga har Josef fått tildelt ei slik birolle. Ei rolle som må ha kosta han mykje i ei tid der bonuspappa ikkje var funne opp og der folk flest nok ikkje kjøpte forklaringa om at det var Gud sjølv som var barnefaren. I tillegg skulle barnet, og dermed heile familien, bli forfølgd av kongen sjølv. Men Josef var ein mann som verkeleg tok ansvar i den birolla han hadde fått tildelt. Han verna om familien sin, og han tolte at Maria og Jesus fekk all merksemda. Livet til Josef vart ikkje heilt slik han hadde tenkt, men det verkar som om han forsona seg med at det vart som det vart, og at han klarte å tenkja at det vart fint likevel.

I lokalsamfunna der me bur, spelar dei fleste av oss biroller. Det er alltid nokre andre som har hovudrollene, som står fremst og får all merksemda. Men det må vera heilt greitt, sidan det er birollene som ofte ber heile forteljinga. Er det noko Josef kan læra oss, så er det å ta birolla på alvor og våga å tenka at livet kan bli fint sjølv om det ikkje alltid vart slik me hadde sett det for oss.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 17. desember 2021

Julaftan

Luk 2,1-20

Ver ikkje redde!?

Du kan jo prøva å setja deg inn i situasjonen: Saman med nokre andre gjetarar sit du ute på marka og held vakt over saueflokken gjennom natta, og så står det plutseleg ein engel der i eit veldig lys. Sjølv om ein kjem frå Vest-Telemark klarar ein ikkje å vere heilt roleg i møte med ein slik situasjon. For lysande englar som attpåtil snakkar, er ikkje noko dei fleste av oss møter til dagleg, for å seia det slik. Og skulle det då i tillegg skje på natta så må det vel vera lov å bli litt redd?

Det er nok viktig å ha klart for seg at det ikkje er nokon moralsk peikefinger engelen svingar når han seier til gjetarane at dei ikkje skal vera redde. For evna vår til å bli redde er jo i utgangspunktet noko positivt, rett å slett ei gåve frå Skaparen sjølv. Å vera gjennomgåande uredd i alle situasjonar er ikkje anna enn risiko-åtferd. Det er rett og slett sunt å kjenna på redsle når noko uventa og uoversiktleg oppstår. Det skjerpar tanken og hjelper oss til å ta rette val. Samtidig er det viktig å ikkje bli i redsla lenger enn nødvendig. Ei lammande redsle fører ikkje noko godt med seg.

Då engelen synte seg for gjetarane, hjalppte redsla dei til å skjerpa sansane og få med seg alt som vart sagt. Dermed kunne dei også fortelja det vidare i detalj seinare.

I møte med jula 2021 er det mange som kjenner på redsle. Korleis skal det gå om både sesonginfluensaen og beta- og omikron-varianten av pandemien kjem til Vest-Telemark på likt? Og kva med klimaforandringane? Og situasjonen i Ukraina, kva kan den føre til?

Når engelen seier: «Ver ikkje redde!», så seier han ikkje at me ikkje skal bry oss, at me ikkje skal la oss engasjere. Nei, tvert i mot ønskjer han at me skal heve blikket, prøve å sjå den store samanhengen og møte det skremmande med klar tanke og varme hjarte. Me må rett og slett spørja oss sjølve om kva me best kan gjera i denne situasjonen, og kva me må overlata til andre. Om me tek pandemien og klimautfordringane som eksempel, så er det ganske klart at det er noko kvar enkelt av oss kan gjera, og så er det andre tiltak som me må overlata til styresmaktene. Skal dette fungera godt er me avhengige av god tillit mellom folk og styresmakter, og det kjem heller ikkje av seg sjølv.

I verdshistoria kjem jula og snur om på det meste med sin bodskap om fred på jorda. Det er ikkje eit uttrykk for korleis verda faktisk er, men eit uttrykk for korleis Gud vil at verda skal vera og eit program for korleis han vil at me skal leva liva våre. Fred er noko som blir skapt, ikkje berre av Gud, men av kvart eit menneske som tek jula på alvor og hevar blikket å ser etter den store samanhengen med ein klar tanke og eit varmt hjarte.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad torsdag 23. desember 2021

Nyttårsaftan
Matt 11,25-30

Kva kjem det nye året med?

På nyttårsaftan står me i grenselandet mellom året som har vore og året som kjem. Me kan velja å venda blikket bakover og oppsummera det som har skjedd og sjå om det er noko me kan gle oss særleg over, og om det attpåtil kan vera noko me kan læra noko av. Men me kan også velja å sjå framover og drøyma om det som skal koma, eller attpåtil planleggja kva me vil skal skje.

Den andre varianten er å sjå bakover i vemod over alt som ikkje vart som det skulle eller å sjå framover i angst for kva som kan henda. Anten ein vel det optimistiske blikket eller det pessimistiske blikket på nyttårsaftan, så er det uansett ikkje alt ein rår med, korkje av det som har vore eller det som måtte koma. Noko kjem berre ramlande inn i liva våre heilt ute av vår eigen kontroll. Samtidig så er me ikkje heilt utan styring. Eg kan til dømes i stor grad sjølv velja om eg allereie no skal overlessa kalenderen min for 2022 slik at det knapt finst eit pusterom. Eg kan også til ein viss grad velja om eg vil møte utfordringar med positiv forventning eller sjå på alt uventa som eit ork.

I preiketeksten på den sisten kvelden i året minner Jesus oss på at både kropp og sjel treng kvile innimellom. Arbeid og strev kan føra mykje godt med seg, men ikkje utan at det skjer i veksling med kvile og ettertanke. Indre uro kan ikkje over tid døyvast med eit stadig høgare aktivitetsnivå. Indre ro handlar om å finna kvile for sjela, og då må ein leite utanfor alt mas og kjas. Kanskje dette er noko 2022 kan koma med, eit og anna kvilerom for slitne sjeler?

Første gong publisert i Vest-Telemark blad torsdag 30. desember 2021

2. søndag i openberringstida

Joh 1,29-34

Kven er Jesus?

I den delen av kyrkjeåret som me kallar openberringstida er preiketekstane i kyrkja konsentrerte rundt spørsmålet om kven Jesus eigentleg er. Dette er eit spørsmål som kan sporast heilt tilbake til dei som var til stades i stallen i Betlehem den natta han vart fødd, og som har vore like ivrig diskutert i alle dei drygt 2000 åra som har gått sidan den gong. Er han Messias? Er han ein profet? Er han Gud? Er han «berre» eit godt førebilete? Er han ein løgnar og bedragar?

Johannes døyparen, som døypte Jesus i Jordanelva, var i alle fall sikker på éin ting: «Han er Guds Son». Bak denne utsegna skjuler eit av kristentrua sine store mysterium seg. Korleis kan ein person vera både Gud og menneske? Er han halvt Gud og halvt menneske? Nei, han er fullt og heilt Gud og fullt og heilt menneske. Men korleis kan det gå opp? Nokon har prøv ei enkel løysing på dette og visa til at ein kvar mann kan vera til dømes både bror og søskenbarn på same tid, rett nok til ulike personar. Men så enkelt er det nok ikkje. For i tilfellet Jesus, så handlar det ikkje om ulike relasjonar. I møte med eit og same menneske er Jesus både Gud og menneske. Det vil seia at den som møter han både kan oppleve at Jesus har erfaringar med alt menneskeleg og samtidig har denne heilage milde autoriteten med seg som gjer at ein kan tru seg fri når han seier det.

Påverka som me er av modernismen si overdrivne tru på at alt kan forklarast, så har me lett for å tenkja at det å visa til mysteriet er ei feig løysing. Men faktisk er det rakt motsett. Det er mysteriet som krev mot, mot til å ta trus-spranget når me ikkje kan forstå noko fullt ut.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 7. januar 2022

3. søndag i openberringstida

Joh 1,15-18

Ein nådig Gud

Mange menneske tenker at det er eit strev å ha med Gud å gjera. Ja, for det er jo så mange bod og reglar ein må halda seg til, og då er det kanskje like greitt å halda heile denne religionsgreia litt på avstand og heller leva mest mogeleg lurt etter eigen fornuft.

Ei slik oppfatning kan med fordel korrigera på fleire område. Guds bod er ikkje gjeven oss som hindringar på vegen, men som livshjelp, så me kan leva best mogeleg med både oss sjølv og andre. Men dette føreset at me brukar boda rett, nemleg til det gode. Alt for ofte har boda blitt brukt til å kontrollere andre sine liv, eller attpåtil til å fordømme andre si livsførsle. Slik var det aldri meint frå Gud si side. Boda er livshjelp, og for å motverke feilbruk har han gitt oss det doble kjærleiksbodet som er overordna alle andre bod og som alle andre bod skal tolkast igjennom.

I tillegg sende Gud oss sin eigen son for å læra oss at Gud er ein nådig Gud, ein som stadig tilbyd oss ein ny start når me feilar. «For lova vart gjeven ved Moses, nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus», skriv evangelisten Johannes. Slik heng det altså saman: Guds bod er gjeven til oss som livshjelp av ein Gud som vil oss det beste og som reiser oss opp når me fell.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 14. januar 2022

4. søndag i openberringstida Luk 13,10-17

Regel eller konsekvens?

Livet er fullt av vanskelege val. Det er difor me lagar oss reglar til hjelp i vanskelege valsituasjonar. Har me ein god regel for situasjonen så sparer me mykje tid på å sleppe å diskutere med oss sjølve og andre. Då er det berre å gjera som regelen seier. Problemet er berre at livet sjølv ikkje oppfører seg så regelbunde som me skulle ønskje oss, alltid. Dermed dukkar det stadig opp nye problemstillingar og nye vanskelege avvegingar. Om me då tviheld på reglar som er laga for andre situasjonar, ja, så kan det gå dobbelt ille.

Den som no byrjar å frykta at sundagstankane denne veka skal enda opp det reinaste anarki, kan ta det heilt med ro. Eit samfunn vil alltid trenga lover og reglar. Men samtidig vil samfunnet også trenga godt skjønn. Det kan for eksempel handla om vurdering av kva regel som passar best i denne situasjonen, eller om dette rett og slett er ein av desse spesielle situasjonane som krev eit unntak.

For å kunna utøva eit god skjønn, må ein halda saman fleire perspektiv på ein gong. Ein må spørja seg kva reglane på området seier, kva konsekvensar det vil kunna ha å følgja reglane i nettopp denne situasjonen og om utgangspunktet for å gjera handlinga ein ønskjer faktisk er å gjera det gode. Reglar er nyttige og bør følgjast, men ikkje om konsekvensen kan bli fatal eller motivasjonen for handlinga er vond.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 21. januar 2022

5. søndag i openberringstida Joh 5,1-15

Frisk

Gjennom snart to år med pandemi har fokuset på sjukdom vore overveldande både i media og i den daglege praten mellom folk flest. Kva dette vedvarande sjukdomsfokuset har gjort med oss, vil me truleg først finne ut av i etterkant. Har me blitt reddare for kvarandre? Har me lagt oss til nye sosiale vanar? Eller har me kanskje lært oss å setja større pris på god helse?

Ofte tenkjer me veldig svart-kvitt om frisk og sjuk. Ja, for anten så er du frisk eller så er du sjuk, tenkjer me. Men er det eigentleg så enkelt? Når omgangssykja går så er det jo slik at ein dag så ligg du med hovudet i ei bøtte, og nokre dagar seinare så er du heilt frisk. Men er denne erfaringa eigentleg mogeleg å overføre til alle tilstandar i livet? Er det ikkje heller slik når det kjem til kroppen så heng alt saman med alt? Om kroppen er full av smerter, så går det sjølvstakt på humøret laust. Og om eg engstar eg meg fælt for noko, så kjenner eg det i magen. Årsak og verknad er ikkje alltid lett å finne ut av når du kjem til fastlegen med ei mengde med tvitydige symptom. Ofte må det då nøstast frå ein kant.

Den moderne legevitskapen er ei velsigning. Det er utruleg kva helsevesenet i dag kan få til. Samtidig så handlar det å vera sunn og frisk om noko meir enn å ikkje vera sjuk. For på same måte som at ein verkefinger kan få heile deg til å bli i ulage, så kan også ein god handling eller ein god tanke gjera godt for heile deg. Det er sjølvstakt mange lidingar som det ikkje går an å tenkja seg frisk i frå, så

fastlegen kjem nok til å ha nok å gjera også i framtida. Men det er ikkje uvesentleg korleis me sjølv møter livet heller, om me er mest mottakelege for det som bryt oss ned eller det som byggjer oss opp.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 28. januar 2022

6. søndag i openberringstida Mark 13,21-27

Ver på vakt!

Ingen likar å bli lurt. Nokre gonger er det kanskje ikkje så nøye, som i leik og moro til dømes. Men når det kjem til viktige ting i livet som til dømes eigedom og relasjonar, så vil me definitivt ikkje bli lurte. Svindel og svik er siste sort. Difor er dei fleste av oss litt på vakt heile tida, og held meir eller mindre medvitne møte med oss sjølve: «Er denne personen eg står overfor til å stole på, eller ligg det noko mellom linjene her?»

Dette vaktinstinktet kjem ikkje berre fram når me står overfor enkeltpersonar, men kan like godt vakne når me les om noko i avisene. «Kan dette verkeleg stemme, eller er det noko lureri?» Det er absolutt lurt å vera på vakt, for det er nok av krefter i samfunnet som vil manipulera oss til å ta andre val en det som er godt for oss. Samtidig så kan også vaktinstinktet ta overhand. Når eg byrjar å mistru alt og alle rundt meg, så er det ikkje sunt lenger. Då vert livet ganske kraftig forringa.

Så korleis kan me då finna den rette ballansen i å vera på vakt utan å bli mistruiske? Svaret er like enkelt som det er vanskeleg å praktisera: Ein treng å ha to tankar i hovudet samtidig! Ein treng å vise dei rundt seg tillit om ein skal bli vist tillit tilbake. Samtidig så må alle formalitetar følgjast og alle papir vera i orden når ein gjer avtalar, sjølv om ein har aldri så mykje tillit til nokon. Har ein tillit til nokon, så er det også alltid lov å stilla kritiske spørsmål til ting ein stussar på. Om den andre parten ikkje toler kritiske spørsmål eller vil ha alle avtalar papirlause, så er det grunn til å vera på vakt. Tomme påstandar som ikkje kan dokumenterast er det også grunn til å stilla spørsmål ved, vel vitande om at det sjølv sagt ikkje er alt som kan dokumenterast. I nokre spørsmål står me uansett overfor valet om å tru eller ikkje tru, og då er det betre med ei kritisk tru enn ei naiv tru.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 4. februar 2022

Såmannssøndagen 5. Mos 5,1-9

Tid for å så

Det er nok framleis fleire månadar til bøndene kan våga seg ut på jordet for å så. Men for dei av oss som ikkje har større ambisjonar enn å dyrke våre egne tomatar, så er tida no inne for å få frøa i pottene. I fjor hugsa eg ikkje på det før langt utpå våren, og då var det berre så vidt eg rakk å få dei siste tomatane i hus før den første frostnatta tok dei seint på hausten.

I Bibelen blir såmannen si fredelege gjerning ofte nytta som bilete på det å dela bodskapen om Gud med andre menneske. På den måten kan me lettare forstå at vår del av heile prosessen er heller avgrensa. Me kan leggja til rette ved å så og gje næring, men me kan ikkje gje vekst. Ingen gartnar eller bonde kan tvinga såkornet til å veksa, uansett kva autoritære grep dei måtte prøva seg med.

Dei fleste som driv opplæring i kristen tru i dag har heldigvis skjønna dette, at tru ikkje kan tvingast på nokon. Nei, det einaste ein som kyrkje kan gjera er å dela raust med seg av den glade bodskapen og så håpa at det vil føra til vekst. Joda, det går absolutt an å gjera noko med vekstvilkåra også. Gode fellesskap kan fremja vekst. Men sjølve veksten rår ingen av oss over.

Når er så den rette tida for å så evangeliet? Det finst ikkje noko eintydig svar på dette. Nokre er opptekne av dei store spørsmåla tidleg i livet. Andre skyv på det til seinare. For kyrkja er det difor aldri nokon grunn til å venta. La oss så ut den glade bodskapen heile året og til menneske i alle aldrar! Men me må gjera det med respekt, utan nokon form for manipulasjon eller tvang. For når alt kjem til alt så er det berre Gud som kan gje vekst.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 11. februar 2022

Kristi forklåringsdag

Luk 9,28-36

Slik det egentleg er

For 31 år sidan treffe eg henne som skulle bli kona mi. Ho er frå Sarpsborg og det førte til at eg måtte gjere meg kjent med ein del av landet som eg fram til då kjente lite til. Å få oversikt over vesle Østfold kunne ein jo tru at var gjort i ein fei. Men der tok eg feil. Faktisk så opplevde eg det heilt håplaut å få skikkeleg grep på geografien i dette landskapet der ein møter Glomma i annakvar kornåker og E6 i den andre. Etter kvart skjønna eg at det var mangelen på fjelltoppar der ein kunne få oversikten som var problemet. Studering av kartet kunne sjølv sagt kompensera noko, men det er no liksom først når ein får sett landskapet med eigne augo at alt fell på plass. Eg hadde i grunnen forsona meg med at eg aldri heilt kom til å forstå meg på dette panneflate fylket, då eg ein vakker ettermiddag sat i eit fly som hamna i kø for innflyginga til Fornebu og fekk ein lang og lærerik ekstrarunde over Østfold: Der var Sarpsborg, der var Fredrikstad, der var Glomma og der var jammen huset til svigerfar!

Det meste i livet forstår me gjennom bilete me sjølv har laga oss av korleis ting egentleg er og heng i hop. Me lagar oss til og med bilete av korleis andre menneske er. Du har sikkert opplevd det mange gonger at du, etter å ha blitt betre kjent med nokon, må du justera biletet du hadde laga deg av personen. Slik tenker eg at det er med forholdet vårt til den treeinige Gud, også. Om me kan lesa aldri så gode skildringar av både Gud, Jesus og Heilaganden i Bibelen, så er det no uansett oss sjølv som til slutt set saman dei gudsbileta me ber med oss. Og då vert det jo fort slik at noko stemmer, og noko stemmer ikkje heilt. Slik må det faktisk vera. For å sjå heile Guds herlegdom ville fort kunna verta i meste laget for augo våre. Men eit lite glimt må det vera lov å håpa på, om det vert på den dagen i kyrkjeåret som vert kalla Kristi forklåringsdag, eller om det skulle slumpa til midt på ein vanleg kvardag.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 18. februar 2022

Fastelavnssøndag

Luk 18,31-34

Små og store forteljingar

Livet er fullt av små og store forteljingar. I skrivande stund sit eg på eit hotell på Bryggen i Bergen. Kort fortalt er eg her fordi det var den einaste måten å få ein snartur til Vestlandet til å gå opp på. Med dårleg vêr på fjellet, eit piano som skulle leverast til yngste son min som er student her i byen, ein middagsinvitasjon til bestekompisen min ute på Sotra og ei forseinka 85-årsdags feiring av mor mi nede på Stord, så måtte me ta inn på hotell for å rekka alt. Slik kan vinterferiereisa 2022 forteljast som ein serie av små trivielle forteljingar. Men her ligg sjølv sagt noko meir i kulissane.

Her ved Bryggen i Bergen steig ein gong i farne dagar forfedrane til kona mi i land for å driva handel. Hadde ikkje nokre av desse hanseatane menga seg med dei fastbuande og blitt verande her i landet, hadde eg ikkje fått den kona eg fekk, og eg hadde heller ikkje hatt den sonen her i byen som eg no har levert eit piano til. På liknande måtar kunne eg bygd ut forteljinga om middagsavtalen med familien til bestekompisen min på Sotra og ikkje minst kunne eg fortalt ei langt større forteljing om kva familien min på Stord har betydd for meg.

Livet er ein mosaikk av forteljingar. Me kan velja å fortelja dei som små forteljingar, eller me kan heva blikket, sjå dei store samanhengane og fortelja dei store forteljingane. På fastelavnssøndag møter me ei slik forteljing om Jesus som fortel til læresveinane at dei skal dra opp til Jerusalem. Han legg til nokre setningar som i ettertid set det han sa i eit langt større perspektiv. Men det oppfatta ikkje læresveinane. Dei oppfatta berre den vesle forteljinga om at dei skulle dra opp til Jerusalem. «Moro det», tenkte dei sikkert, «no når det snart er påskehøgtid og greier». Lite visste dei at dei var på veg inn i den verkelege store forteljinga, i den forteljinga som skulle romma både dei og oss som lever to tusen år seinare.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 25. februar 2022

1. søndag i fastetida

Matt 26,36-45

Kamp

Nokre gonger kan livet kjennast som ein kamp. Av og til kan det handle om at ein opplever å møte hindringar kvar ein vender seg. Men andre gonger så handlar det ikkje om ytre hindringar i det heile, men om ein kamp som skjer inne i ein sjølv. Ofte handlar det då om vassituasjonar, og gjerne om valet mellom det som synest lett på den eine sida og det som synest rett på den andre sida. Det finst nok ingen som ikkje kjenner igjen slike situasjonar, der ein spør seg sjølv: «Skal eg følgja samvitet, eller skal eg ta ein liten snarveg?».

Kampen mellom det gode og det vonde er til stades på alle nivå i den verda me kjenner. Denne kampen utspelar seg like godt mellom store nasjonar som internt i våre eigne sinn. Korleis me møter kampen er veldig forskjellig frå person til person. Nokre er av natur konfliktsky, andre nærast oppsøker konfliktar for å oppleve spenning i livet. Her er det også grøfter på både sider. Å skapa unødvendige konfliktar er ikkje bra. Å feiga ut i staden for å stå i heilt nødvendige konfliktar er heller ikkje bra.

Dermed vert mykje av dilemmaet å finna ut, kva kampar er verdt å ta, og kva kampar kan me med fordel spara oss for. I slike avvegingar vil vekting av konsekvensar vera viktig. Er konsekvensane av feil val og feil handling så store at det er verdt å ta kampen, eller snakkar me om bagatellar. Det er ingen grunn til å ri prinsipp for prinsippa si skuld, Men det er svært god grunn til å ta opp kampen når ein sjølv eller andre vert freista til å gjera noko som kan gjera vondt for enkeltmenneske eller for fellesskapet. Det utfordrande er då sjølvstilt å ha eit langt nok perspektiv når ein skal gjera slike vurderingar. For det som på kort sikt kan sjå ut som ei god handling kan på lengre sikt vise seg å tene til det vonde.

Rettferdige kampar handlar difor om å sjå lengre fram og å ha det gode for menneska for auge. Ikkje noko mindre.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 4. mars 2022

2. søndag i fastetida

Luk 13,22-30

Tida er inne

Å utsetja ting som ikkje er så lysteleg, er ein ganske vanleg aktivitet. Eg høyrte nettopp om ein kar som spurde ein annan kar om korleis det eigentleg gjekk med det han skulle ha gjort dagen før. «Å, nei, i går gjorde eg ingen ting», svara karen. «Men i dag, då?» ville han andre vita. «Nei, i dag har eg heller ikkje gjort noko», svara karen. «Du skjønar eg vart ikkje ferdig i går».

Nokre gonger er det berre bagatellar det står om, som ein gutunge sa oppgitt konstaterte ein gong: «Det tok far min seks år og ti minutt å få ordna den døra». Andre gonger er det større ting som står på spel. Aller vanskelegast trur eg det er å få gjort slutt på dårlege vanar. Kor mange har ikkje hatt både det eine og andre forsettet. Så går det nokre veker, og så er ein tilbake i same sporet. Eg høyrde ein gong ein psykolog som meinte at vaksne menneske ikkje klarar å endra åtferd i meir enn fire månadar, med mindre dei har opplevd ei sjokkarta livshending. Eg håpar ikkje at det er sant. For eg vil jo gjerne tru at det er mogeleg å endre seg til det betre, når det trengst.

Eg har lenge undra meg over at folk som notorisk kjem for seint til både det eine og det andre, ofte likevel rekk å kome på toget i tide. Kanskje handlar det noko om forståinga av at når det gjeld togavgangar så finst det eit knivskarpt skilje på når tida er inne og når tida er ute. Hovudproblemet med utsetting av ting er kanskje sjølvbedraget om at det aldri er for seint. Men dette er sjølvstilt ei løgn. For me lever på lånt tid alle saman. Det einaste me kan vera sikre på er dagen i dag. Om me ønskjer å gjera ting i livet meir rett enn det me har gjort så langt, så er tida inne allereie dag. For alt kva me veit så kan tida vera ut allereie i morgon. Men i dag kan ingen ting hindra oss.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 11. mars 2022

3. søndag i fastetida

Luk 22,28-34

Lojalitet

I dei fleste kulturar er lojalitet rekna for å vera ein av dei viktigaste verdiane. Illojalitet er dermed også noko av det verste ein kan bli klaga for. Samstundes kan dette med lojalitet og illojalitet vera noko av det vanskelegaste å finna ut av. For kva skal eg gjera når ulike motstridande krefter krev lojalitet av meg? Lojalitetskonfliktar er noko av det verste ein kan stå i. Nokon møter det allereie som born i dysfunksjonelle familiar der borna vert pressa til å velja kven av foreldra dei skal vera lojale mot. Andre møter det på skulen som valet mellom å vera lojal mot medelevane eller læraren, eller på arbeidsplassen som ein lojalitetskonflikt mellom arbeidsgjevar og kollegaene.

Men lojalitetskonfliktar treng ikkje nødvendigvis å handla om å velja mellom personar. Lojalitetskonfliktar kan like godt handla om valet mellom å vera lojal mot det eg sjølv meiner er rett og det gruppa eg høyrer til hevdar. Lojalitetskonfliktar er tøffe greier, og det er ikkje til å unngå at nokre gonger vel me feil. Presset vert for stort og me let oss riva med og vert lojale mot noko me ikkje skulle ha vore lojale mot. Veggen frå eigen illojalitet til skamkjensle er kort. Men skamma fører sjeldan noko godt med seg. I staden for å grava seg ned i skam, bør ein i slike tilfelle heller ta eit oppgjør med seg sjølv og i staden stå opp for det som er rett. Den russiske TV-redaktøren Marina Ovsjannikova, som denne veka braut ut av propagandaen si tvangstrøye og tok avstand frå krigen, vil for alltid stå som symbol på at lojaliteten mot sanninga og rettferda er viktigare enn lojaliteten mot eiga frykttkjensle.

Det går altså an å velja rett veg, også etter eit svik. I verdslitteraturen er det vel ingen forteljingar som synleggjer dette betre enn apostelen Peter, som svikta Meisteren på det verst tenkjelege tidspunktet, men som like etterpå vart tiltrudd å vera leiar for å byggja opp den kristne kyrkja i verda. Det er dette som kallast nåde.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 18. mars 2022

4. søndag i fastetida

Joh 6,24-36

Meir enn maten

Utan mat og drikke har me ingen sjanse til å overleve. Utan vatn kan me vanlegvis berre overleve 2-3 dagar, medan eit friskt menneske kan halde det gåande opp mot ein månad utan mat.

Kampen for å sikre seg nok mat og drikke har difor vore det som har hatt høgast prioritet for oss menneske gjennom størstedelen av verdshistoria. I nyare tid har me i landet vårt hatt rikeleg med både mat og drikke, og dei fleste har slutta å uroe seg særleg for kva dei skal ete og drikke i morgon. På den eine sida er det jo godt at velstanden vår har blitt så høg at me slepp den daglege kampen for føda. Men samtidig er det ei farleg utvikling om me gløymer bort kor viktig dette er. For det er jo ikkje eigen matproduksjon som først og fremst gjer at me har rikeleg tilgang til mat. Nei, det er rikeleg med oljepengar som gjer at me kan kjøpe den maten me lystar av statar som for tida er villige til å selja til oss. Kor lenge dei vil dette, og kor lenge dei har høve til å selje oss rein og sunn mat, veit me ikkje. Det er difor utruleg viktig at kampen for å skaffe nok mat, ikkje berre til oss, men til heile verda, har eit sterkt fokus også i tida framover.

Samtidig er det viktig å ikkje lura seg sjølv til å tru at mat og drikke er alt me treng for å overleve. Livet er nemleg meir enn maten. Som menneske treng me ikkje berre noko å leva *av*. Me treng også noko å leva *for*. På same måten som me ikkje kan leva utan mat og drikke, går me også til grunne dersom me manglar andre å samspele med. Kor mykje sosial omgang me treng for å trivast, varierer ganske mykje frå person til person. Men heilt isolert overlever ingen av oss over tid. Me treng andre si omsorg for oss. Og me treng sjølv å ha andre som me har omsorg for. I praksis kan den handle om alt frå to naboar som ser til kvarandre, til nasjonar som stiller opp for kvarandre. Men djupast sett handlar det om å elske nesten sin som seg sjølv.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 1. april 2022

Maria bodskapsdag

Luk 1,39-45

Verdt ein fest!

Midt i den stillfarande og ettertenksame fastetida trengjer det seg inn ein festdag som det er fort gjort å tenkja at må vera heilt feilplassert. Me driv då å førebur oss til Jesu liding og død?

Maria bodskapsdag er definitivt ikkje feilplassert, men kjem der han kjem fordi det no er 9 månadar, eit svangerskap att til jol. Så får det vera fastetid så mykje det vil, for dette svangerskapet må feirast. Maria bodskapsdag handlar nemleg ikkje berre om det som var i vente, men langt meir om det som skjedde akkurat der og då. For der var i den augneblinken Maria vart med barn at Gud vart menneske og gjekk inn i våre kår.

Er det noko alle menneske har til felles, så er det jo akkurat dette at liva våre starta i magen til ei kvinne. Det er eit under at det i heile taket er mogeleg, og det er eit under at det var akkurat den bestemte sædcella og den spesielle eggcella som skulle finna kvarandre og bli til akkurat det enkelte unike individet. Sjansane var enormt store for at det kunne ha blitt heilt annleis, og at det ikkje var akkurat oss som skulle få livet.

I forteljinga om Jesu fødsel er det tydeleg at det var ein plan med det meste. Men tør me å tenkja at det var ein guddommeleg plan med at det vart akkurat oss også? Maria bodskapsdag er uansett verdt ein fest!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 25. mars 2022

Palmesøndag

Joh 12,1-13

Stemningsskifte

Årsakene kan vera mange til at stemninga brått skiftar. Ofte handlar det om noko som vert sagt eller gjort. Mest merkbart er det kanskje når nokon har klart å dra stemninga i ei forsamling opp til uana høgder for så å gå over streken for det som er sosialt akseptabelt i gruppa. Då kan stemninga gå frå

ekstatisk til tung og trykkande på eit sekund. Men det kan også gå den andre vegen. Tenk berre på ein fotballkamp der heimelaget på nedrykks plass har spela elendige 90 minuttar men på overtid klarar å få inn dei to nødvendige måla.

Oftast er likevel brå stemningsskifte likevel ikkje så brå som dei kan sjå ut til. Før eit synleg stemningsskifte har det ikkje sjeldan murra under overflata ganske lenge. For ved aukande god stemning i majoriteten, er det veldig ofte ein minoritet som i stadig mindre grad likar utviklinga. Det kan handla om så mykje. Det kan til og med vera på sin plass, fordi nokon har fått med seg massane på ein farleg eller usunn veg. Men oftast handlar murring om at nokon føler seg oversett eller kjenner at dei er i ferd med å missa innflyting eller makt.

Påskeforteljinga er ei slik forteljing, om eit gedigent stemningsskifte forårsaka av murring mellom maktglade og utspekulerte leiarar som veit kva knappar dei skal trykke på for å få folket med seg. Hyllingsropa og viftinga med palmegreiner som møter Jesus når han rir inn i Jerusalem vert på få dagar snudd til ei rasande folkemengd som ropar: «Krossfest! Krossfest!».

Det er fort gjort å la seg riva med, og nokre gonger er det jo rett å både la seg riva med i felles glede og å delta i kollektiv harme. Samtidig så er det viktig også i desse situasjonane å tenkja sjølv, og ikkje la seg forblinda. For det er som kjent ikkje alltid at det er fleirtalet som har rett.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 8. april 2022

2. søndag i påsketida

Joh 20,24-31

Til å tru?

«Det vart eit heilt utruleg flott arrangement», kan me seia, og med det formidla at noko vart langt betre enn me hadde forventa. «Det var ikkje heilt truverdig», kan me også seia, og formidla at me tenkjer det finst ei anna forklaring enn den me får oss førelagt.

Stadig møter me situasjonar der ikkje alt er hundre prosent mogeleg å etterprøva og der det altså vil stå att eit spørsmål om kva me trur og ikkje. Påskehendingane er fulle av slike situasjonar, og ein av dei har vore eit heitt samtaletema gjennom tusenåra som har gått. Stod Jesus verkeleg opp frå dei døde? Det går ikkje an å føra noko vasstett prov for dette. Men det går heller ikkje an å føra noko vasstett prov for det motsette heller. Dermed er me nok ein gong overlatne til trua. Er det truverdig at han kan ha stått opp? Nokon vil seie at, nei, det rimar jo ikkje med noko anna me har opplevd. Andre vil seie at, jo, det finst gode grunnar til å tru det som står skrive om dette hos evangelistane.

Det første argumentet for å tru på oppstoda, kan vera at så mange både såg at han var død, der han hang på krossen, og samstundes både såg og helsa på han nokre dagar seinare. Men det viktigaste argumentet har likevel ein langt vidare horisont. For om det verkeleg er slik at det finst ein skapar bak alt det fantastiske me har lært å kjenna frå mikrobiologien til verdsrommet (og noko anna er jo vanskeleg å tru for mange av oss), så verkar det jo lite truverdig at denne skaparen skulle la livet vera avgrensa til ei kort gjennomreise på nokre titals år. I alle fall blir ein slik tanke lite truverdig om ein tek på alvor at denne skaparen faktisk elsker kvar einskild av menneska han har skapt. Tanken om at Gud har meir å gje enn det me kjenner i dag, er med denne bakgrunnen altså ikkje så utruleg som ved første augnekast. Det er rett og slett til å tru!

Jesu oppstode seier oss noko om at det finst ein som har makt sjølv over døden. Men framfor alt seier oppstoda oss at det finst eit liv etter døden, også for oss. Kan det verkeleg vera til å tru?

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 22. april 2022

3. søndag i påsketida Mark 6,30-44

Sjå til

Ordet biskop kjem frå det greske ordet episkopé, som tyder å sjå til. Dermed har biskopen heile stillingsinstruksen sin skildra i sjøve namnet på stillinga. Biskopen skal sjå til. Dette tilsynet skjer på ulike måtar, men det mest kjente verktøyet biskopen har er bispevisitasen. Kvart åttande år kjem biskopen på visitas til kvar kyrkjelyd for å sjå til korleis det står til i kyrkjelyden og i lokalsamfunnet. Det går an å oppleva det som kontroll, men tanken bak er meir omsorg og oppmuntring enn kontroll.

Sjølv om biskopen har tilsynsrolla limt til sjøve namnet på stillinga si, så vert rolla med «å sjå til» i Bibelen relatert til langt fleire enn dei øvste kyrkjeleiarane. Kvar einskild prest har også eit slikt ansvar med å sjå til den lokale flokken. Men det stoppar ikkje der heller. Det finst også noko som heiter det allmenne prestedømet. Ikkje minst kyrkjefader Martin Luther var ivrig på å minna om dette. Det gjer at kvar einskild av oss har eit ansvar for å sjå til dei me har rundt oss. Det bør ikkje opplevast som kontroll, men ha sitt utgangspunkt i omsorg og ønsket om å oppmuntra den andre.

Dette allmenne tilsynsansvaret har faktisk sett spor i språket vårt. Når du seier at du til helga skal ein tur heim for å sjå til foreldra dine, eller du seier at «eg var innom og såg til naboen min på veg heim i dag», så er det dette det handlar om. Det handlar altså ikkje om kontroll, men om å sjå til at alt står bra til. Det kan sjølv sagt handla om velferd og helse, både fysisk og psykisk helse. Men dette «tilsynet» kan også handle om at bae partar får utveksle tankar og meiningar, slik at me ikkje surrar oss for langt inn i eigne vrangførestillingar om korleis ting heng saman. Slik sett er det «å sjå til» ei åndeleg oppgåve på så mange plan.

Har du nokon som du med fordel kunne sjå til denne helga?

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 29. april 2022

4. søndag i påsketida Joh 14,1-11

Når augo er i vegen

«Eg såg det ikkje, for augo var i vegen», sa alltid bestemor mi når ho ikkje hadde funne noko som likevel skulle visa seg å ha lege like framfor henne. Dei fleste har nok opplevd det, å endevenda huset for å finna nøklar eller briller som til slutt viser seg å liggja akkurat der du i utgangspunktet tenkte at dei skulle liggja.

Men det er ikkje berre i leitinga etter nøklar og briller at augo kan vera i vegen. I valet av yrkesveg, til dømes, er det mange som i stigande grad av frustrasjon leitar igjennom eit uendeleg tilbod av alle slags studium dei aldri før har høyrte om, før dei til slutt endeleg finn ut at det er lærar eller sjukepleiar som er draumeyrket. Eller når det gjeld kvar ein skal busette seg. Kven har ikkje sett for seg både storbyar og utlandet, før ein oppdagar det sjølvsegte, at det ikkje finst finare stad å bu enn i Vest-Telemark!

Når det kjem til livssyn, kan også augo fort koma i vegen. Rett framfor oss ligg skaparverket og ropar at dette kan då ikkje vera blitt slik heilt av seg sjølv. Heile vår kulturarv vitnar om at det er Gud som står bak, at Jesus gjorde Gud synleg for augo våre og at Den Heilage Anden gjev liv til verda den dag i dag. Likevel leitast det i vår tid kanskje meir enn nokon gong. «Det må då vera noko meir mellom himmel og jord?» seiest det.

At augo kan koma i vegen, er ikkje noko nytt fenomen, og definitivt ikkje noko ein skal raljera over. Sjølv disiplane streva med å sjå det dei jo allereie hadde sett. Så konklusjonen må likevel vera at det trass alt er betre å leita enn å berre gje opp. Men det er eit godt tips å først leita der det er mest sannsynleg å finna.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 6. mai 2022

5. søndag i påsketida

Joh 17,6-11

Midt i verda

Gudstru er ikkje berre ei tankeøving. Gudstru handlar for dei fleste også om grunnleggjande verdier og dermed også om levd liv. Forventningane om kva trua bør ha å seia for korleis eg lever livet mitt kan koma både utanfrå og innanfrå. Utanfrå kan forventningane koma frå folk som lurar på om du med di tru kan vera med på slik eller sånn. Innanfrå kan forventningane koma frå ein allianse mellom eige samvit og eiga tolking av den trua ein ber på. Nokre gonger er det lett å tilpasse seg forventningane, andre gonger kan det kjennast meir konfliktfylt.

Forholdet mellom tru og liv, er ikkje noko ny problemstilling. Verdshistoria er full av ulike utslag av denne problemstillinga. Verst har det gått dei gongane autoritetspersonar har misbrukt folk sitt religiøse samvit for å byggja lojalitet til eigne tankar og strategiar. Slikt maktmisbruk kan like godt skje på mikronivå i familiar med autoritære foreldre som på makronivået der diktatorar blir grenselause i ambisjonane sine.

Den som trur lever midt i verda, og det finst ikkje noko grunnlag i kristen tru for å isolera seg. Det er lov å kjempa for det ein trur på, men kristen tru set strenge krav til kva middel det kan kjempast med. Evangeliet kan ikkje spreia med makt. Evangeliet kan berre delast ut til den om villig tek imot det. Bonden sitt fredeleg arbeid når han sår er eit godt bilete på den kristne kyrkja sin plass midt i verda.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 13. mai 2022

6. søndag i påsketida
Matt 6,7-13

På talefot

Det er forskjell på oss. Nokre har lett for å snakka med andre, både kjente og ukjente. Andre treng litt oppvarmingstid og bli trygge før samtalen kan flyta lett. Men dei fleste kan verta betre i konversasjonskunsten med litt trening.

Verre er det når det går den andre vegen. Når me har hatt lett for å snakka med eit anna menneske, og så kjem det eit eller anna i mellom oss som gjer at samtalen vert vanskelegare. Å plutselig måtta vega orda sine overfor eit menneske som ein tidlegare har kunna snakka uhemma og tillitsfullt med, kjennest ikkje godt. Aller verst er det dei gongene det går heilt gale, og ein ikkje er på talefot lenger. Då er det også svært vanskeleg å få gjort noko med det. For korleis skal ein kunne reparere det som har gått i stykke når ein ikkje kan snakka om det?

For ei tid sidan leste eg eit intervju med ein mann som hadde mista eit barn i ei tragisk ulykke. Mannen var tilsett i ein kristen organisasjon, og journalisten ville vita korleis tragedien hadde påverka forholdet mannen hadde til Gud. Svaret kom ganske raskt: «Gud og eg er ikkje på talefot for tida». Det går an å forstå eit slikt svar. Smerta, sinnet, maktesløysa og fortvilninga kan få nokre menneske til å ropa og klaga, andre til å trekkja seg unna og bli tause. I slike situasjonar er det ikkje noko som er rett måte å reagere på, eller noko som er feil. Men eg opplever at svaret til mannen trass alt inneheld håp. For det første har han ikkje avskrive Gud. For det andre så verkar det som at kommunikasjonen ikkje er broten for alltid.

Mange menneske har eit ønske om å leggja fram ting i livet sitt for Gud, men strevar av ulike grunnar med å finne dei rette orda. No burde det eigentleg ikkje vera slik, i og med at Gud kjenner til det meste allereie før me formulerer tankane våre til ord. Men fordi Gud veit at me kan streve med dette å finne ord, har han like godt gjeve oss ei ferdig bøn som me kan be i slike situasjonar. Herrens bøn kan vera god å ha til vanleg, men er heilt avgjerande å kunna gripa til dei gongene det er vanskeleg å vera på talefot med Gud sjølv.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 20. mai 2022

Søndag før pinse
Joh 16,12-15

Heile sanninga

Kva er eigentleg sanninga? Stadig oftare står me med dette spørsmålet og lurar på kva me kan lite på, og kva som i beste fall er ei forvrenging av sanninga eller i verste fall direkte løgn. Grunnen til at me stadig oftare står overfor dette spørsmålet er jo at informasjonsmengda stadig aukar. Med alle slag digitale kanalar, kan kven som helst hevde kva som helst. Det er lettare enn nokon gong å byggje opp truverdige forteljingar som i realiteten ikkje treng å ha særleg sterke røter i det som verkeleg har skjedd.

Men spørsmålet om kva som eigentleg er sanninga, kom ikkje med informasjonssamfunnet. Det har lege der heile tida, både fordi det alltid har funnest folk som ønskjer å fortelje ei anna forteljing, men

også fordi sanninga ofte omfattar meir enn det enkle forteljingar kan romme. Me kjenner det godt frå både politikk og arbeidsliv. Me fortel forteljingar slik at dei underbyggjer det me ønskjer å oppnå. Så lenge me ikkje lyg, tenker me at det må vera greitt.

Men sanninga handlar alltid om noko meir. Sanningssøking handlar alltid om å leita etter ei større forteljinga og sjå saka frå fleire vinklar. Ikkje minst er det slik med dei verkeleg store spørsmåla i livet. Gud, for eksempel, er så omfattande at han kan umogeleg rommast av ei enkel forteljing som eg måtte setja saman på eiga hand. Eg ser jo Gud berre frå min vinkel. Om eg får hjelp frå andre menneske som ser Gud frå sin vinkel, så kan det hende at me kan få utvide forteljinga noko. Når me les det som står i Bibelen om han, vert forteljinga endå større. Men framleis har me ikkje sett heile sanninga. Pinse handlar om at Gud sender oss Sanningsanden som skal leia oss fram til heile sanninga. Det er ein kontinuerleg prosess, og me kjem aldri heilt i mål så lenge me lever her. Men jo lenger me kjem, jo betre liv får me.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 27. mai 2022

Pinsedag
Joh 14,23-29

Fred

Verden er full av strid, uro og ufred. Kvar kjem alt dette frå? Kjem det utanfrå og rammar det einskilde mennesket? Eller kjem det innanfrå menneske sjølv og spreier seg utover? Dei fleste av oss har nok erfaringar me baa deler. Nokre gonger hamnar me midt oppi ein eller annan ufred som me ikkje i utgangspunktet var ein del av, men som me altså vert dregne inn i. Andre gonger kan det vera heilt stille rundt oss, samstundes som det veks fram ei uro inni oss, og som me meir eller mindre medvite kan kome til å spreie vidare til dei rundt oss.

«Fred er ei det beste, men at man noget vil», skreiv Bjørnstjerne Bjørnson. Ein fred som byggjer på at konflikhtar vert kosta under teppet eller at den ein parten ikkje får koma til orde, er ikkje av det gode. Nokre gonger er det både rett og sundt å ta ein kamp for noko ein trur på. Men å konstant leva i ufred og uro, er ikkje godt for nokon, særleg ikkje når uroa kjem innanfrå. Faktisk er det slik at ein trygg identitet gjer ein betre rusta til å tåla uroa rundt seg.

Til ein trygg identitet, høyrer også eit avklart livssyn. Fred med dei store spørsmåla i livet er ein veldig viktig start på å finna fred med seg sjølv og fred med dei rundt seg. Det er ein slik fred pinsehøgtida tilbyr oss ved hjelp av Den Heilage Ande. Borte blir ikkje all uro og ufred så lenge me lever her. Men ein ro midt i uroa er likevel mykje verd.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 3. juni 2022

Treeiningssøndag

Luk 24,45-48

Oppdraget

Det starta med ei liten ganske så forfjamsa gjeng i Jerusalem for om lag 2000 år sidan. I dag finst det ei kristen kyrkje i alle nasjonar i verda. Ikkje alle stader kan kyrkja vera opent til stades i det offentlege rom, og enno har ikkje alle folkeslag fått Bibelen på sitt eige språk. Men i alle nasjonar finst det altså nokon som samlast til gudsteneste kvar søndag. Det tok nesten tusen år før evangeliet kom til våre strender her nord. Men då kyrkja først fekk etablert seg her, fekk ho ikkje berre stor innflyting på tenkjesett og samfunnsliv her heime. Me vart etter kvart også storeksportørar av evangeliet til andre verdsdelar.

Oppdraget norske misjonærar tok på seg handla både om evangelieformidling og samfunnsutvikling. Nokre stader dreidde det seg om rein naudhjelp, andre stader om utvikling av skuleverk og demokrati. Det skal ikkje stikkast under ein stol at ein del av den tidlege misjonsverksemda, med dagens auge, kan seiast å ha vore forholdsvis kulturimperialistisk. Men sett under eitt, har oppdraget vore utført på ein måte som har tent menneske verda rundt på ein god måte.

Formidlinga av evangeliet er eit oppdrag som aldri vert fullført, så lenge me lever her. Grunnen til dette er at det stadig kjem nye generasjonar til. Det viser seg at overleveringa mellom generasjonane ofte sviktar. Ikkje minst ser me dette no i den vestlege verda. Dette bør vera ein stor tankevekkar for alle. For me ser no at sviktande evangelieformidling vert følgd av sviktande demokratiforståing og auka forskjellar mellom folk. Kva som er høna og egget, er sjølvsagt ikkje så lett å seie, men samanhengen er ganske tydeleg.

Oppdraget fekk kyrkja av Meistern sjølv, og det står ved lag den dag i dag!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 10. juni 2022

2. søndag i treeiningstida

Esek 36,25-29a

Liv

«Dette er livet!» kan me utbryte på gode sommardagar med god mat, god tid og godt fellesskap. «Her var det liv og røre!» kan me seie når me kjem til ein stad med mange glade og blide menneske som er i aktivitet med eitt eller anna positivt. At det er liv ein stad er noko av den beste karakteristikken me kan gje.

Tilsvarande kan me uttrykkja oss om stader der det ikkje skjer noko som helst: «Nei, det var heilt dødt der borte». Og når det er heilt dødt ein stad, då er det ikkje ein gong dårleg stemning. Då er det berre ingen ting.

Livskraft er utruleg viktig, ikkje berre for dei fysiske kroppane våre, men for alle deler av samfunnet, også. Kor ofte har me ikkje opplevd at noko som vart starta opp med stort engasjement, med åra har enda opp som død rutine. Kor mange samvitsfulle styremedlemmer har ikkje prøvd å halda liv i organisasjonar som hadde si tid for lenge sidan, men som ingen lenger etterspør. Kor mange

arrangement har ikkje blitt prøvd arrangert år etter år etter at publikum svikta. Nokre menneske har eit eige trassig gir for å halda liv i ting som ikkje lenger er liv laga. Samtidig så kan det vera fort gjort å gje opp for tidleg også. Kor ofte har me ikkje sett at det har blitt blåst nytt liv i ting når det har kome nye og engasjerte krefter til?

Det er ikkje alltid så lett å skilja mellom det som er liv laga, og det som viser seg å ha hatt si tid. Av og til kan noko som viser seg å ikkje halda mål, skapa stor entusiasme i starten. I forbrukskulturen ser me dette heile tida. Kor mange ubrukeleg produkt har ikkje selt som varmt kveitebrød i starten, for så å hamne i søpla nokre månadar etterpå. Når me menneske byrjar å dyrke substitutt for det som er ekte og liv laga, kallar Bibelen det for avgudar. Eit sterkt ord, men eit dekkjande ord. For det er dette dei er, dei døde gjenstandane som imiterer liv.

Å leva er å skapa liv rundt seg, og ikkje stivna i død rutine eller overleva på utarmande substitutt.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 17. juni 2022

3. søndag i treeiningstida Mark 10,13-16

Borna er notida

«Det er borna som er framtida», vert det ofte sagt. Noko sant er det sjølv sagt i dette, i og med at dei aller fleste born naturleg nok leva lenger enn oss og slik sett oppleva ei framtid som me som har runda 50 ikkje vil koma til å oppleva. Men er det heile sanninga, at «borna er framtida»? Absolutt ikkje!

For det første så er me som no er vaksne langt meir delaktige enn me likar å innrømme i å skapa den framtida me ikkje skal vera ein del av. Ved vår ressursbruk og naturforvaltning legg me premisa for hundrevis av år framover. Difor er me så absolutt ein del av framtida, også den me ikkje sjølv skal oppleva.

Men det som i endå større grad gjer utsegna om at «det er borna som er framtida» til ei halv sanning, er det faktum at borna framfor alt er notida. Dei er her allereie. Dei pregar samfunnet allereie no, og dei har like stor verdi no som dei vil ha som vaksne. Og ikkje minst så har borna eit perspektiv som samfunnet er heilt avhengig av. Visst treng me erfarne menneske som kan tenka kloke og kompliserte tankar. Men minst like mykje treng me dei som kan tenke enkelt og intuitivt. Der vaksne ofte tenkjer og handlar ut frå skepsis og misstillit, opna borna for eit anna perspektiv. Ein barnleg tillit kan vera i mestelaget naiv. Men ein vaksen misstillit kan vera direkte øydeleggjande.

Born treng vaksne og vaksne treng born. Me har alle ansvar for framtida, men me er sanneleg alle også ein del av notida. Det er no me tek dei viktige avgjerdene, og skal det bli gode avgjerdar, treng me både borna og dei vaksne sine perspektiv. Og så treng me tru: Tru på oss sjølv, tru på andre og tru på noko som er større enn oss sjølv.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 24. juni 2022

4. søndag i treeiningstida

Matt 9,35-38

Uutnytta potensiale

Den store energikrisa har gjort at det no vert leita etter uutnytta potensiale innan dei fleste energiformer. Korleis kan solenergien utnyttast betre? Korleis kan me få meir kraft ut av havvinden, tidevatnet og jordvarmen i gamle borehol i Nordsjøen? Men uutnytta potensiale handlar ikkje berre om uutnytta energi. På dei fleste samfunnsområde finst det eit potensiale som førebels ikkje er utnytta. Eksport av tare for eksempel, kva gullgruve kan ikkje det bli for eit land med ei av dei lengste kystlinene i verda?

Men handlar uutnytta potensiale berre om ting som kan gjerast om til pengar? Sjølv sagt ikkje. Også kulturelt finst det uutnytta potensiale. Tenk berre på kor me kunne ha kome om den oppveksande slekta i staden hadde lese god litteratur dei timane dei no let seg underholda av dataspel. Eller tenk på kva me kunne fått til om me litt eldre kom oss opp av TV-sofaen og byrja å delta på kulturarrangement i nærmiljøet i staden.

Også den kristne kyrkja har eit stort uutnytta potensiale, og då tenkjer eg ikkje primært på det uutnytta søndagspotensiale som ligg i den store delen av medlemsmassen som sjeldan møter opp til gudsteneste. Nei, kyrkja sitt store uutnytta potensiale er all kunnskapen som i alt for liten grad vert brukt av dei fleste av oss på heilt vanlege kvardagar. Tenk berre på den kunnskapen som ligg i den gylne regelen og i det doble kjærleiksbodet. Korleis hadde ikkje verda kunna sett ut om me for fullt hadde sett denne kunnskapen ut i livet?

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 1. juli 2022

5. søndag i treeiningstida

Matt 18,12-18

Å bry seg

Når det vert sagt at nokon bryr seg, så er samanhengen det vert sagt i heilt avgjerande for om me oppfattar dette som positivt eller ikkje. Om du seier at naboen «alltid bryr seg med alt mogeleg», så er det lite grunn til å tvile på at de har eit heller anstrengt forhold til kvarandre. Om du derimot seier at naboen alltid bryr seg og stiller opp når det noko står på, ja så har det å bry seg brått fått den rakt motsette tydinga.

At «å bry seg» kan opplevast så forskjellig, handlar ikkje berre om språk. Det handlar minst like mykje om handlingar og korleis me tolkar desse. Det som den eine tenkte som omsorg, kan av den andre opplevast som utidig innblanding. Ikkje minst i relasjonen mellom foreldre og tenåringar er denne varianten ein klassikar.

Relasjonen mellom Gud og menneske kan ofte utarta seg på same måten. Det Gud tenkjer som omsorg for oss menneske, vert av oss fort oppfatta som at han blandar seg i våre saker. Når me les dei ti boda til dømes, så har me ein lei tendens til å tenka at dei gjer det trongar for oss å leva. Men intensjonen er altså den rakt motsette, å laga rammer for liva våre som kan setja oss frie til å vera dei me er meint til å vera. Som vaksne innser me ofte at det foreldra våre gjorde då dei brydde seg då

me var tenåringar, likevel var godt meint og i mange tilfelle også godt og rett gjort. På same måten vil me til tider også kunna måtta innrømme at det me i situasjonen opplevde som trange grenser for livsførsel i ettertid viste seg å vera ei velsigning. Det som i alle fall er sikkert er at Gud bryr seg, anten me opplever det sånn eller slik.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 8. juli 2022

Aposteldagen / 6. søndag i treeiningstida
Mark 3,13-19

Tolv rette?

Rett person på rett plass, er ofte heilt avgjerande. Det er ikkje kven som helst som kan fungere godt som statsminister, eller som leiar i bygdekvinnelaget. Det er ikkje kven som helst som skal settast til å snekra heller, eller baka kransekake. Endå viktigare er det å finna dei rette folka når du skal setja saman eit tverrfagleg team. Då er det ikkje berre nok at dei kan kvar sine ting godt, då må dei også vere gode på samarbeid.

Mange arbeidsgjevarar brukar mykje tid og pengar på å rekruttera dei rette folka. Nokre brukar til og med rekrutteringsfirma, såkalla hovudjegerar, i forhåpning om å få best mogeleg resultat.

Den som i dag måtte ha ambisjonar om å nå ut til heile verda med prosjektet sitt, men berre hadde råd til å starta med tolv medarbeidarar, ville nok gjort alt for å rekruttera dei rette personane. Men kva kriterium ville vera rett å leggja til grunn for utveljinga? Ein måtte sjølvstøtt ha nokon som var spesialistar på innhaldet i prosjektet. Så vil eg tru ein måtte ha nokre som var gode på kommunikasjon og nokre gode seljarar. I tillegg ville det vera ein stor fordel at fleire av medarbeidarane hadde internasjonal erfaring. Ut frå desse kriteria, korleis låg det eigentleg an med apostlane Jesus valte seg ut? Var dei eigentleg dei tolv rette?

Ut frå objektive kompetansekriterium, skulle prosjektet med å la denne gjengen nå heile verda med evangeliet ha vore sjanselaust. Dei var sikkert gode på sine ting, som fiskarar og handverkarar. Men dei var rimeleg blanke på både teologi og formidling. Korleis kunne det då likevel lukkast?

Suksesskriteria ligg nok både i kven som var oppdragsgjevaren, korleis han heile vegen følgde prosjektet opp og ikkje minst i krafta som ligg i sjølvne budskapen. Samtidig så viser denne historien oss at det er noko som er endå viktigare enn studiepoeng og lang erfaring. Tenestevilje, tolmod og engasjement trumfar det meste, og gjer at nokon kvar av oss kan vera rett person til oppgåver og i posisjonar me i utgangspunktet aldri kunne ha tenkt oss.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad torsdag 14. juli 2022

7. søndag i treeiningstida

Mark 5,25-34

I tru

Handlingane våre kan bli styrte av så mykje. Noko skjer på rein rutine. Anna set me i gang med etter å ha brukt mykje både tid og krefter på å tenkja oss fram til kva som no måtte vera det beste å gjera i akkurat denne situasjonen. Nokre av handlingane vert også styrte meir eller mindre av andre, anten me er medvitne om det eller ikkje. Av og til oppdagar eg til mi eiga forskrekking at no gjorde eg akkurat slik far min ville ha gjort i ein liknande situasjon.

Handlingar kan altså gjerast ut frå eiga overtyding om kva som er det beste, andre sine forventningar til korleis me skal agere for ikkje å snakke om alle dei gongene me handlar meir eller mindre ut frå magekjensle eller tilfeldig innskyting der og då.

Meir utfordrande er det dei gongane me skjønar at me må handle, men der me ikkje klarar å bli sikre på kva som er det rette handlingsalternativet. Særleg vanskeleg er det dei gongene der målet er heilt klart, men vegen dit usikker. Då kan nokon kvar av oss bli nøyddde til å handla i tru, anten me til vanleg reknar oss for truande eller ikkje. Nokre gonger er det opplagt slik at det er for seint å vente med å handle til ein er sikker på kva som var rett å gjere.

Når det kjem til gudstrua, så er den også av ein slik art at ingen kan fullt og heilt med overtyding slå fast at Gud finst. Men det endelege svaret ligg så langt der framme, at alternativet til å handle i tru, er å vente med å handle medan livet passerer. Så skal det seiast at å handla i tru kan skje på svært så forskjellige måtar, sjølv om det er gudstrua me snakkar om.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad torsdag 21. juli 2022

8. søndag i treeiningstida

Mark 12,28-39

Det viktigaste

Det er nesten ikkje grenser for alle «bør» og «skal» som det vert forventa at me menneske skal følja opp. «Alt var mykje strengare før», vert det sagt, og kanskje er det sant. Men samtidig så var verda også mindre komplisert den gongen enn no. Den gong var det ingen som måtte passa på å ta kopi av alle viktige datafiler, gå til legen for å sjekka seg for alle slag tenkelege og utenkelege sjukdommar, plukke brunsniglar så dei ikkje invaderer nabolaget, fylle ut tusen skjema frå det offentlege og ha kontroll på kredittkorta.

Men ein ting har uansett menneske til alle tider felles: Me er nøyddde til å prioritera for å overleva. Ikkje berre må me prioritera kva me brukar tid og pengar på. Me må også prioritera mellom alle «bør» og «skal» når dei kjem i konflikt med kvarandre, for det gjer dei heile tida. Skal eg for eksempel snakka sant, som eg jo bør, sjølv dei gongene det rammar menneske som slett ikkje fortener konsekvensane?

Anten me er oss det medvite eller ikkje, så opererer me alle med eit verdihierarki som seier oss noko om kva som er viktigare og mindre viktig av alle «bør» og «skal» som møter oss i kvardagen. Desse

verdihierarkia vil ofte variere litt frå person til person, men vil likevel vere forholdsvis like innanfor same kulturkrets. Innanfor den kristne kulturkretsen, så representerer det doble kjærleiksbodet toppen på verdihierarkiet. Øvst tronar respekten for Gud, gjennom respekten for skaparverket og respekten for at det finst noko som er større enn oss sjølve. På den same delte førsteplassen finn me respekten for medmennesket, at alle menneske er like mykje verdt og skal ha like gode føresetnadar som oss sjølve. Alle andre «bør» og «skal» må finne seg i å underordne seg desse to.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad torsdag 28. juli 2022

9. søndag i treeiningstida

Luk 6,36-42

Eit godt menneske

«Ho er eit godt menneske», høyrer eg innimellom nokon seie om nokon dei set ekstra pris på. Kanskje er det aller helst når nokon har gått bort, at ein ordlegg seg slik. «Han var no eit så godt menneske på alle vis».

Når alt kjem til alt, så er det vel ikkje så enkelt at verda kan delast inn i gode og dårlege menneske. Me har forskjellig veremåte og me har også ulike preferansar når det gjeld kva me set pris på hos andre. Nokre likar best dei som snakkar mykje, andre likar betre dei som lyttar meir enn dei pratar.

Men om me likevel skulle dvele med desse som oftare enn andre vert kalla gode menneske, for det finst nokre slike, kva er det som kjenneteiknar dei? Eg trur desse gode menneska har det til felles at dei møter folk med tillit og positivitet. I tillegg så ser eg for meg at dei snakkar opp andre, i staden for å bruke energien på å rakke ned. Gode menneske blir der andre går, held ut litt lenger der andre gjev opp og engasjerer seg for fellesskapet sitt beste.

Å prøve å sortere menneske i gode og dårlege, er ingen god aktivitet. Men når me får auga på eit godt menneske, så er det jo ikkje noko i vegen for å la seg inspirera. For me kan henta det fram alle saman, sjølv om me innimellom også har gjort oss andre erfaringar med oss sjølve.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 5. august 2022

10. søndag i treeiningstida

1 Mos 33,1-11

Velvilje

Godt humør, god økonomi, god helse og god utdanning kan vera til stor hjelp for oss menneske. Men ikkje noko kan føra oss lenger enn ein god porsjon velvilje. For den som møter eit anna menneske med velvilje, vil også fort bli møtt med velvilje tilbake. Dette er ganske elementær lærdom. Difor er det til å undre seg over kor ofte me gløymer bort velviljen vår.

Du har sikkert opplevd det mange gonger: Ein person som med svært liten energi lett kan hjelpa deg vidare set seg på bakbeina og gjer seg vrang. Så let du frustrasjonen din bli til irritasjon og så viser du

deg vrang tilbake. Og slik held de det gåande. Men så har du heilt sikkert også opplevd det motsette: Eit menneske som ikkje har noko forplikting til å gjera noko for deg, gjer likevel det vesle ekstra som gjer at du får løyst utfordringa di. Du vert takksam og glad, og neste gong, når rollene er snudd om, viser du velvilje tilbake.

Den som vil leva eit godt liv kan dra to lærdomar ut av dette. For det første er det lurt å koma den andre i forkjøpet og visa velvilje før det har fått etablert seg ein annan dynamikk mellom dykk. For det andre så er det lurt å motstå freistinga til å møte andre sin vrangvilje med eigen vrangvilje. Ein person som har gått i vranglås treng å smørjast, akkurat som ein lås som har gått i vranglås. Møter eg eit vanskeleg menneske med velvilje og respekt, vil det som oftast løyse opp. Det er jo sjeldan den andre sitt ønske å vere vrang. Kanskje handla det om ein dårleg dag, eller om ei erfaring av å stadig bli oversett eller dårleg behandla.

Ikkje noko kan skape eit godt klima mellom oss menneske som velviljen.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 12. august 2022

11. søndag i treeiningstida

Joh 8,31-36

Sanninga

Var det noko me vart prenta inn allereie som små born, så var det dette at me alltid skulle snakka sant. Men så gjekk åra, og så lærte me at det fanst ikkje så reint få unntak. Om det til dømes skulle koma ei svært overvektig grandtante på besøk, så var det definitivt ikkje greitt å seie, «oi, du var svær». Ho kunne derimot seie til oss ungane «oi, så store de har blitt!». Eller om nokon hadde vore hos frisøren og fått seg ein ny frisyre som ikkje såg ut i måneskin, så skulle me vri oss unna alle spørsmål om kva me syntest om den nye «looken».

Seinare, i vaksen alder, i arbeidslivet har mange lært seg liknande unntakslister: Skal du selja noko, til dømes, så gjeld det å snakka opp produktet ved å fortelja meir om dei positive enn dei svake sidene. Eller i forhandlingssituasjonar, til dømes, så gjeld det å ikkje kome med heile sanninga med det same. Ein må jo ha noko i bakhand.

«Sanninga skal gjera dykk frie», seier Jesus. Men kva er eigentleg sanninga? Me opplever jo ting så forskjellig. Kven si oppleving er då sann?

Eg trur at første steg mot å finna sanninga, er å vera ærleg i møte med andre. Om to som ser forskjellig på ting kan vera ærlege om korleis ein sjølv opplever det, altså korkje leggja til eller trekkja i frå for å vinna diskusjonen, så har ein større sjans til å nærme seg sanninga enn om ein byrjar å konkurrere om å ha rett.

Sanninga er ein grunnleggjande verdi i alle sunne og gode kulturar. Skuslar me den bort ved å byrja å spreie «fake news», så forvitrar samfunnet og me vert ufrie. Sanninga kan ofte vera krevjande å ta inn over seg. Men å koste sanninga under teppet er alltid den dårlegaste strategien. Ikkje noko kan gjera oss meir ufrie enn når nokon tek sanninga frå oss.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 19. august 2022

12. søndag i treeiningstida

Joh 4,27-30.39-43

Fri

Fri kan ein vera frå mykje rart. Dei fleste seier at me er fri frå jobb eller skule når helga eller ferien kjem. Dei som sonar dommar i norske fengsel fokuserer på dagen dei igjen skal bli frie. Personar som til slutt har kome seg ut av eit dysfunksjonelt og destruktivt kjærastforhold kan kjenne seg frie som aldri før. Folk som driv med risikosport kan uforståeleg nok kjenna seg frie som fuglen når dei kastar seg utfor Trollveggen. Flyktningar frå totalitære regime kjem til vestlege demokrati for å kunna kjenna seg frie.

Men kva så med dei av oss som ikkje kjenner på nokon trong til å driva risikosport, lever med ein me elsker og allereie bur i eit demokrati, treng me på nokon måte uroa oss for fridomen vår? Kan noko verkeleg truga den?

Me som lever i eit liberalt demokrati, vert stadig stilte overfor mange val. Sjølv om me lett trur at me kan velja fritt, så stemmer ikkje det alltid. Det er mange som vil påverka oss til å gjera val som tener dei sjølve meir enn oss. Dette handlar om alt frå næringsliv via politikk til religion.

For å avsløra alt som vil binda oss, og gjera oss ufrie, så er det ei god øving å setja seg ned å reflektera over kva val som gjev meg mest fridom i det lange laupet. Om eg vinn 10 millionar i Lotto og vurderer å kjøpe meg hytte både på fjellet og ved sjøen. Gjer det meg friare, eller meir bunden, også om ti år når vedlikehaldsjobbane melder seg? Når eg vert invitert inn i eit varmt og nært fellesskap, finst det fridom til å trekkje seg ut om eg skulle oppleve at det vert for tett? Eller for å snu på det; gjer det meg fri eller ufri å alltid vera så kritisk til alt mogeleg?

I kristen tru står det sentralt at Gud har skapt oss til å vera frie menneske. Det er mange som vil lokka oss bort frå det som er godt og rett og utnytta oss. I tillegg til at dei stemmene kjem utanfrå, så dukkar dei ikkje så sjeldan opp innanfrå oss sjølve også. Det er dette Jesus Kristus kom for å frelse oss frå. Og frelse tyder rett og slett fri hals. Evangeliet handlar altså om at me ikkje treng finna oss i å vera bundne når Kristus sjølv har gjort oss frie!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 26. august 2022

13. søndag i treeiningstida

Joh 15,13-17

Valt ut

Dei fleste kan vel henta fram vonde minne frå barndomen og ungdomstida om situasjonar der det skulle veljast ut, og der ein sjølv frykta at ein skulle bli den siste som vart valt ut på eit lag eller med i ein dans.

Så fanst det sjølvsaugt heilt motsette situasjonar også, der ein håpa over alle ting at ein *ikkje* skulle bli valt ut. Eg hugsar til dømes godt den dagen i russetida då lista over dei fem i klassen som kom opp i munnleg eksamen stoppa med henne som var rett før meg i alfabetet.

Desse valsituasjonane dukkar også opp i vaksenlivet. Når du søker ein jobb, for eksempel, og lurar på om du blir mellom dei som vert kalla inn til intervju. Eller når du lurar på om du vert valt ut av

tollarane på kaien i Sandefjord. Det som for dei fleste likevel er knyta dei sterkaste kjenslene til, er når valet handlar om å bli akseptert og godteken for den ein er. Inga redsle er større enn redsla for å bli sett utafor.

I ei verd med eit stort mangfald av religionar og livssyn, er det fort gjort å tenka at valet er vårt. Og på sett og vis så stemmer jo det. Me har jo trusfridom i dette landet. Men når ein blir litt meir kjent med kristendommen sin Gud, så går det etter kvart opp for oss at det ikkje er me som har valt Gud, men at det er han som har valt oss. Det betyr ikkje at han har valt bort alle som har funne ein annan veg. Nei, Gud har valt ut kvart einaste menneske han har skapt. Men han tvingar ingen. Me avgjer sjølv om me vil bli med i fellesskapet.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 2. september 2022

Vingardssøndagen / 14. søndag i treeiningstida
Matt 19,27-30

Arbeid og forteneste

Har du nokon gong tenkt på kva som eigentleg driv deg til å arbeida? Er det lønn og forteneste, eller er det sjølve innhaldet i arbeidet som motiverer? Innan moderne leiingsteori finst det fleire retningar. Nokre teoriar tek utgangspunkt i at menneske opplever arbeidet som ei plage, og at arbeidstakaren difor treng anten pisk eller gulrot for å arbeide, eller rett og slett lønn. Andre teoriar tek utgangspunktet i at det er like naturleg for menneske å realisere seg sjølv gjennom arbeid som det er for barnet å realisere seg gjennom lek.

På vingardssøndagen, talar fleire av bibeltekstane om det å få noko tilbake for innsatsen. Bibelen slår jo også tydeleg fast at ein arbeidar er løna si verdt. Samtidig minner Jesus stadig disiplane på at det ein får tilbake for innsatsen i det gode si teneste, ikkje berre kan målast i kroner og øre. Vel så viktig er kjensla av å vera til nytte, av å kjenna at ein gjer ein forskjell for andre menneske og fellesskapet. Ikkje noko løn kan overgå vissa om at ein er med på å gje andre menneske håp. Og då snakkar me om håp både for livet her og no, og eit framtidig håp.

Lønn i form av kroner og øre må ikkje spelast ut mot anna forteneste ved arbeidsinnsats. Som menneske treng me både noko å leva av og noko å leva for. For nokon kan dette kombinerast i same engasjement. For andre vil det vera slik at mykje av det eg lever for vert utretta på fritida, medan det lønna arbeidet først og fremst handlar om å ha noko å leva av. Likevel er det viktig å framsnakka alt ærleg yrke, slik at den einskilde kan sjå ein større verdi i det ein driv med. På den måten kan ein også gjera ein betre jobb. På den andre sida har alt arbeid gjort på fritida og ulønna, t.d. innan kyrkje- og organisasjonsliv, vore heilt avgjerande for bygginga av samfunnet vårt.

Som så ofte elles, handlar også synet på arbeidet om å heva blikket og sjå dei store samanhengane.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 13. september 2019

15. søndag i treeiningstida

Joh 15,9-12

Kjærleiken

Det finst mange slag kjærleik. Den første assosiasjonen er kanskje forelskinga, denne sterke kjensla som kan få ein stakkar til å bli både glad, redd, full av energi og einaugd på same tid, og som kan skli over like fort som ho kom, eller over i noko anna, noko djupare, sterkare og meir varig.

Men kjærleik handlar om mykje meir enn dei kjenslene som kan oppstå mellom to menneske som tenkjer at dei skal dele livet saman. Kjærleiken er den krafta som gjer livet verdt å leva og som gjer at me alle held ut med kvarandre. For det er kjærleiken som både jagar hatet bort og som får oss til å engasjera oss, koma oss opp av sofaen og ut av likesæla.

Kvar kjem så denne kjærleiken ifrå? Dette er eit av spørsmåla som vitskapen aleine ikkje kan gje eit fullstendig svar på. Kvar kjærleiken kjem frå er til slutt eit trusspørsmål. Den kristne trua viser her til den treeinige Gud. Skaparen av alle ting handla ut av eigen kjærleik til det han skapte. Ja, han elska oss allereie før me var fødde. Frelsaren gav seg sjølv for oss, i sin grenselause kjærleik og gjorde oss frie. Heilaganden gjer si kjærlege gjerning den dag i dag, og knyter gode band i fellesskapet.

Kjærleiken er ikkje alltid så lett korkje å gripe eller forstå. Men eitt er sikkert, han misunnar ikkje, skryt ikkje, er ikkje hovmodig, krenkjer ikkje, søker ikkje sitt eige, er ikkje oppfarande og gøymer ikkje på det vonde. Nei, alt held han ut, alt trur han, alt vonar han og alt toler han. Kjærleiken tek aldri slutt!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 20. september 2019

16. søndag i treeiningstida

Matt 11,16-19

Klok livsnyting

Livsnyting er ikkje utan vidare eit udelt positivt ord i det norske språket. Me har ein ganske tung tradisjon som fort minner oss på at ein skal yta før ein kan nyta. Så om det skal bli snakk om noko livsnyting, så må det i alle fall vera i små dosar og etter lengre tid med strev og motbakke. Denne tradisjonen har ikkje berre kome frå ein historie med tronge tider i landet. Nei, tradisjonen med skepsisen til for mykje livsnyting har også sterke røter ei kristendomsforståing som på dette punktet var ganske så streng.

Men må det vera slik, at ein nærast må ha dårleg samvit om ein skulle koma til å oppdaga at ein nyt livet? Er ikkje alt gjeve oss frå Gud, til å nyta? Jesus var ingen asket. Joda, han hadde tider der han fasta, men han var også hjarteleg til stades i festlege lag.

Han som gav oss livet, han gav oss også mat og drikke, evne til fellesskap og blikk for kvarandre. Men han gav oss også evna til å tenka, til å bli kloke. Strevet er ikkje eit mål i seg sjølv, men å handla klokt er eit mål. Og nokre gonger kan det også vera ganske strevsamt både å tenka klokt og å handla klokt.

I staden for å oppsøka strevet i håp om å kunna nytta litt i etterkant, burde me heller oppsøka klokskapen og ta det strevet og den nytinga som det å handla klokt måtte gje oss til ei kvar tid.

Klokskap er noko ein kan opparbeida, men klokskap er også noko som ligg utanfor oss sjølve. Kjelda for all kunnskap ligg djupast sett hos Gud, men er tilgjengeleg for oss når me søker han. Det finst både klok livsnyting og uklok livsnyting. Gud kjenner forskjellen, og han deler gjerne med seg av sin visdom.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 27. september 2019

17. søndag i treeiningstida

Fil 1,20-26

Heimlengt

Er heimlengt noko positivt eller noko negativt? Har du tenkt over det? Det kjem sjølv sagt an på situasjonen. Når eg har vore lenge heimanfrå og det byrjar å nærma seg tida for å vende nasa heimover att, og eg kjennar at no skal det bli godt å kome heim, ja, så må jo det vere berre bra. For då kan ikkje det tyda på noko anna enn at eg har det godt heime, at eg har noko å lengte etter. Verre er det om heimlengten startar straks eg kjem utafor grensa til heimbygda, og eg ikkje kan tenkja på noko anna heile turen enn at eg lengtar heim til Telemark.

Heimlengten har øydelagt for mang ein student og bortearbeidar, for den som har måtta flytta etter kjærleiken eller som har fått omsorgsoppgåver andre stader enn der ein kjenner seg heime.

Borte bra, men heime best, er eit godt motto for den som vil gle seg over det å ha ein stad å kalle heime, men som også vil gle seg over det å oppleve noko anna. For heimlengt handlar ikkje berre om geografi. Det kan like godt handla om å lengta til det kjente. Dei som jobbar ved sjømannskyrkjene rundt om i verda veit noko om dette, om korleis eit kjent fellesskap ikkje treng å la seg hindra av geografi.

For Paulus var heimlengten knytt til fellesskapet med Gud. På den eine sida gav det han ein lengt etter himmelen, men på den andre sida gav det han også ein lengt til det kristne fellesskapet her på jorda. Måten han uttrykkjer seg på i preiketeksten denne sundagen kan få ein til å lure på om det var han som var opphavet til mottoet borte bra, men heime best. Han både visste og gledde seg over at han ein dag skulle heim til Gud, men han let på ingen måte dette kasta skuggar over livet her.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 4. oktober 2019

19. søndag i treeiningstida
Luk 9,57-62

Skal berre...

«Skal berre, eg blir galen av ungar som skal berre.» Slik rant det som kjent over for far til Albert Åberg. Men så gjekk det altså ikkje betre enn at han kort tid etter brukte unnskyldninga sjølv også: «Eg skal berre...».

I teksten til søndagen verkar det som om Jesus kjente på noko av den same frustrasjonen over folk som alltid «skal berre». Det mangla ikkje på dei som var tydelege på at dei ville følgja han, dei skulle berre... Dei hadde gode grunnar så det heldt, det skal dei ha. Problemet er berre at det ofte er slik i livet at det gode blir det beste sin fiende. Eg skal gjere leksene, eg skal berre trene litt først. Eg skal sjølvstekt ta familien med på ferie, eg skal berre male huset først. Gode ting alt saman. Men korleis kan eg vita at det ikkje er sjølve livet eg vel bort med alle mine «skal berre»?

I skrivande stund stikk kona hovudet inn døra og spør om eg ikkje snart bør leggje PC-en frå meg og få meg litt søvn. «Eg skal berre skrive ferdig sundagsorda til Vest-Telemark blad», svarar eg.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 18. oktober 2019

Bots- og bønnedag
Luk 15,11-32

Å bli sett

«Sjå på meg! Sjå på meg!» Dei fleste av oss hadde ikkje lært oss så mange orda før me bruka språket til å påkalla dei vaksne si merksemd. «Sjå på meg!» Etter kvart som me vaks til vart det litt flaut å seia det slik beint fram, så då fann me heller på alt mogeleg anna, for å bli sett og stadfesta av dei me hadde rundt oss.

Men så kom det andre dagar også. Dagar der me slett ikkje ville stikka oss fram. Dagar då me aller helst ikkje ville bli sett eller lagt merke til. Ofte handla det om eit eller anna som gjorde at me skamma oss.

For mange jamna det seg ut med alderen. Lysten til å bli sett og lusten til å gøyme seg var ikkje lenger like sterke som då me var unge, sjølv om både kjenslene vart med vidare. Men for andre vart det meir komplisert. Nokre av dei vart også i vaksen alder sitjande att med ein altfor sterk trong for å bli sett heile tida., medan andre vart sitjande fast i skamma og ønsket om å ikkje bli sett.

Gud vert i kunsten ofte framstilt som eit auge som ser. For nokon er det godt å tenkja på at Gud er den som ser, for andre verkar det meir skremmande. Men Guds auge er eit venleg auga, eit blikk som vil oss vel også når me har rota det til.

I likninga om den bortkomne sonen, vert Gud framstilt som ein far som får auge på den bortkomne medan han framleis er langt borte. Det er nok ikkje tilfeldig at han får auge på son sin. Nei, han var nok framme på haugen stadig vekk for sjå om det kanskje var eit håp om at den bortkomne var på heimveg.

Gud er ikkje den som gjev opp håpet eller som let nokon sitja att i skamma. Han er heller ikkje den som brukar blikket sitt til å sjå ned på den som fall. Nei, det er eit kjærleg auga som kviler på oss. Han kan me venda tilbake til når som helst, og vera trygg på at me er ønska og elska.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 25. oktober 2019

21. søndag i treeiningstida
Jes 60,18-22

Ein ny himmel og ei ny jord

Sentralt i kristen tru står håpet om at livet her på jorda ikkje er det siste som skal skje, men at Gud har meir å gje. Fleire stader i Bibelen kan me lesa om at Gud på eit eller anna ukjent tidspunkt skal gjera alle ting nye. Noko detaljert framstilling av kva me har i vente får me derimot ikkje.

Lenge lurte eg på kva grunnen kunne vera til at Bibelen er så ordknapp på dette punktet. Om det skal bli så utruleg bra i himmelen, kvifor ikkje då bretta det ut over mange sider slik at ingen lenger skulle vera i tvil?

Etter kvart har det gått opp for meg at ei meir inngåande framstilling av kva me har i vente truleg ville hatt lite for seg. For korleis skulle me, som kun har erfaring frå eit tilvære der godt og vondt er vevd inn i kvarandre, kunna setja oss inn i eit tilvære der alt er berre godt. Det går rett og slett ut over vår fatteevne. Kanskje er det akkurat difor at Gud har tenkt at det får halda at me berre får nokre tydelege løfte: Det skal ikkje finnast herjing og øydelegging, ikkje sjukdom, sorg, skrik og pinsle, og me skal kunna vera frie på ein måte som me aldri før har vore.

Fullt og heilt kan me altså ikkje forstå det med dei referanserammene me no har. Me får nøya oss med å sjå det i glimt på gode dagar, når sola skin og livet smiler til oss. Men ein dag skal Gud gjera alle ting nye, og då skal me også kunna erfara korleis det verkeleg er når alt er berre godt.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 1. november 2019

22. søndag i treeiningstida
Luk 10,25-37

Å byta hovud med den andre

Å kunna sjå seg sjølv utanfrå, og dei andre innanfrå, er ein kunst. Ja, det er meir enn ein kunst. Det er rett og slett noko av det viktigaste eit menneske kan læra seg. For om eg berre evnar å sjå meg sjølv frå min eigen synsvinkel, og jamvel også den andre kun frå min eigen synsvinkel, då blir eg brått midtpunktet i mitt eige univers.

Kva vil det så seia å sjå seg sjølv utanfrå? Det handlar ikkje om å akseptera ei kvar meining andre måtte ha om meg. Nei, det handlar om å evna å sjå korleis det eg tenkjer og gjer kan oppfattast av andre. Av og til må eg skuffe andre sine forventningar. Dette er slik det må vera. Men om eg er heilt

blind for kva innverknad eg har på andre kan eg gjera uhorveleg skade utan ein gong å vera klar over det. Difor er det så viktig å kunna sjå seg sjølv utanfrå.

Å kunna sjå andre innanfrå er like viktig. Men er ikkje det veldig vanskeleg? Eg kan vel aldri setja meg fullt og heilt inn i korleis eit anna menneske har det? Nei, men det er veldig nyttig å prøva. Ei god øving er å prøva å byta hovud med den andre, den som eg ikkje forstår eller som eg har vanskeleg for å akseptera. Den lettaste måten å gjera denne øvinga på er å ta tak i eit forhold eller premiss i den andre sin situasjon eller den andre si tenking og seia til seg sjølv: Dersom eg aksepterer og tek inn over meg denne premissen, korleis formar det då resten av tenkjesettet mitt?

Det er ikkje alltid lett å elska nesten sin som seg sjølv, men det er ein god start å prøva å byta hovud med den andre.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 8. november 2019

23. søndag i treeiningstida

Matt 24,35-44

Å vera vaken

Det vert sagt mykje godt i Bibelen om å kvila. Ikkje noko menneske kan arbeida eller på annan måte vera i aktivitet heile tida. Me treng kvile innimellom, me treng å kopla ut. Slik er me skapte av han som sjølv kvilte på den sjuande dagen.

Men det er forskjell på å ta seg ein velfortent hvil i bakken, og det å sovna heilt av og bli passivisert. For sjølv om det er rett å seie at me lever i ein kultur med eit så høgt aktivitetsnivå at mange ville ha godt av eit råd om å roe litt ned og finne ein betre ballanse mellom arbeid og kvile, så lever me også i ein underhaldningskultur som fristar oss til å bli sløve.

Når Jesus i teksten for denne søndagen kallar oss til å vera vakne, så handlar det ikkje om at han vil at me skal kvila mindre eller ha kortare netter. Nei, det er ei åtvaring mot å gi opp, mot å la verda gå sin skeive gang medan me nyt eit åndeleg sett stadig fattigare liv.

Tida me lever i gjev oss rikeleg med utfordringar, ikkje minst med tanke på å avhjelpe einsemd og annan nød, for ikkje å snakke om utfordringa med å berge miljøet. Sovnar me av no og byrjar å tenke at etter oss kjem uansett syndfloden, så sviktar me både oss sjølve, etterkomarane våre og Skaparen. Det finst gode grunnar til håp for vår verden. Det er ingen grunn til å gi opp. Ver vakne!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 15. november 2019

Domssøndagen / Kristi kongedag

Joh 9,39-41

Rett skal vera rett

At Jesus skal koma att og døma levande og døde, vedkjenner me i gudstenesta kvar søndag. Litt forundra vil nokon kanskje spørja: Er ikkje dette er noko gammalt som kyrkja har slutta med, å skremma folk med domedag? Det er vel ikkje ein slik gud me vil ha, som dømer oss?

Til dette er det fleire ting å seia. For det første er det uansett ikkje me som avgjer korleis Gud er. For det andre, og dette er viktig, er ikkje domen der for å skremma, men for at rettferda skal sigra til slutt. Rett skal vera rett, om det så vert synleg først på den siste dag. Domen er altså framfor alt godt nytt for alle som lid urett: Alt skal koma for ein dag! Ingen skal sleppa unna med å krenka andre menneske!

Men kan då nokon sleppa unna i det heile, om alt skal for ein dag til slutt? Nei, ingen andre enn Jesus sjølv har gjort berre godt. Dermed er det heller ingen av oss som kjem gjennom domen utan merknader. Men det er dette som er evangeliet, at når alt er oppe og avgjort, så let ha oss leggja det alt på seg, på han som ofra seg og som tok heile verda si skuld på seg sjølv. Utan at alt kjem for ein dag og alle får si rettferd, kan heller ikkje alle ting bli nye. Difor er Guds dom like aktuell som før, for at rett skal få vera rett.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 24. november 2019
